

Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 03.09.2014
Vår ref.: 2014/20493-2
Saksbehandlar: heihand
Dykkar ref.: 14/6354 - 14/19829

Bygging av landbruksveg gnr 54 bnr 1- Lindås kommune - kulturminnefagleg fråsegn

Vi syner til brev datert 02.09.14 med søknad om landbruksveg kl 4 på gnr 54 bnr 1 i Lindås kommune. Vegen har ei samla lengd på 850 m. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda eller andre verneverdige kulturminne som kan bli råka av det omsøkte tiltaket. Vi har såleis ikkje vesentlege merknader i saka. Det er kjent eit automatisk freda kulturminne om lag 400 m SV for det nye vegtiltaket sin sørlege del, ei bygdeborg frå jernalder (Askeladden-id 15876).

Vi ber om at ein tek omsyn til eventuelle kulturlandskapselement i området, som steingardar, tufter, gamle ferdsleveggar og liknande, slik at slike ikkje vert utsett for unødig skade og inngrep. Vi gjer vidare merksam på at tiltakshavar har plikt til å vise varsemd, og å straks melde i frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med gjennomføring av tiltaket skulle støyte på funn av automatisk freda kulturminne, jf. § 8,2. ledd i kulturminnelova. Slike funn kan til dømes vere steinkonstruksjonar, trekolkonsentrasjonar, gjenstandar og reiskapar av metall eller stein, m.m.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Heidi Handeland
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Lindås kommune - Nils Kaalaas